



Martin Kåstad
Vardalsvegen 88
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/2629 - 23/20728

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
18.09.2023

137/71 og 137/91 Valestrand - Gjeld søknad om løyve til tiltak

Tiltak: Oppføring av tilbygg til einebustad, bruksendring og ombygging
Eigedom: Gbnr: 137/71
Tiltakshavar: Martin Kåstad

Kommunen syner til søknad motteke 06.09.2023 og tillegg motteke 11.09.2023.

Dei mottekne planteikningane syner at det i tillegg til oppføring av tilbygg, er planlagt hovudombygging av heile 1. etasje, der bruken av romma vert endra, veggjar flytta og skorstein flytta. Det er dermed krav om søknad om løyve til tiltak med ansvarsrettar, jf. plan- og bygningslova § 20-3.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Kommunen ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrettar, erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan, jf. plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, 20-3 og 21-2 og forskrift om byggesak § 5-4 bokstav p og q.
2. Oppdatert planteikning, som syner nytt tilbygg, endra rominndel og bruk, plassering av trapp og skorstein.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 13.10.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Marit Nedreli
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Martin Kåstad	Vardalsvegen 88	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Victoria Mjelde Hanstveit	Vardalsvegen 88	5281	VALESTRANDSFOSSEN